

Fra: Ingo Bewer[]
Sendt: 25.10.2024 13:41:00
Til: aase.my@online.no[aase.my@online.no]
Kopi: Silje Hoftun[silje.hoftun@civitas.no];
Tittel: Svar på spørsmål om vegrett

Hei,
Ser vekk frå vårt siste e-post da adressefeltet er feil.

Svar på spørsmål om vegrett i.h.t. detaljplan aktivitetshus og park i Uskedalen sentrum - PlanID 20200003

Hei,
Visar til ditt brev mottatt den 01.10.24.
Det har vore ein lang planprosess, som gjennomgåande har vært open for medverknad for alle partane og interesserte, som kunne kome med både innspel og merknader.

Du har som nabo/part i saka fått tilsendt planforslaget ved utlegging til offentlig ettersyn. Utlegging var frå den 29.11.23 til den 24.01.24, der alle adressemottakarar fekk tilstrekkeleg anledning til å svare på utleggingsbrevet.

Du omtaler i tilsendt brev at: *«(...) Vegrett til vår nausteigedom (123/11), vart som vegretten til «hytta på stranda», (123/175) tinglyst i den same perioden som barneskulen skulle byggjast, og vi forventar at vegretten vår, til liks med dei overnevnte óg blir teke med inn i ein reguleringsplan for området.(...)»*

Ei dokumentert tinglysing er eit privatrettsleg tilhøve som gjeld uansett og det treng ingen stadfesting i reguleringsplanen for å være ivaretatt.

Når dette er sagt har administrasjon i samråd med konsulent likevel valt å ta følgjande med i føresegnene:

4.2.2 Gangveg (o_GG) (§ 12-7, nr.14) Gangvegen skal vera offentlig. Nødvendig køyring til gnr./bnr. 123/175 og 123/395, og dessutan nødvendig køyring knytt til drift, utrykking og HC-parkering er tillaten. Gangvegen skal utformast universelt tilgjengeleg.

6.1 Føresegnsområde for etablering av køyretilkomst (område #1) Innafor føresegnområde #1 skal det etablerast køyrbar tilkomst til gnr/bnr 123/175, og andre med vegrett til naust, som koblar seg på eksisterande forbindelse. Vi håper at dette svarer tilstrekkeleg på dine ynskjer.

Du har rett til å klaga på vedtaket i kommunestyret etter at vedtaket har blitt gjort, og du har mottatt kunngjeringsbrevet om dette

Ynskjer deg ein fin helg.

Med venleg helsing
Ingo Bewer | *Planleggjar på Samfunnsutvikling*
Mobil: +47 404 33 984

www.kvinnherad.kommune.no | 



Tenk miljø før du skriv ut!

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova, vil bli registrert i vår offentlege postjournal.